



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 17.06.2021  
**Møtestad:** Samfunnshuset på Øvre Helland  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
026/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
027/2021	Godkjenning av møteprotokoll
028/2021	Orienteringssaker
029/2021	Møteplan hausten 2021
030/2021	Søknad om tilskot frå næringsfondet til prosjekt Ope landskap - beiting med geit
031/2021	Tomtepris - nytt kommunalt bustadfelt på Helland Gnr 78. Bnr 45.
032/2021	Rekneskap og årsmelding 2020
033/2021	Økonomirapport for 1. tertial 2021
034/2021	Sløkkevatn i Mo sentrum
035/2021	Låneopptak 2021 - justering

**Notat frå møtet:**

## 026/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 027/2021: Godkjenning av møteprotokoll

### Behandling:

Sigrunn Almelid: Sak eigarskapsmelding vedr. Modalen Næringsbygg AS vart i referatet vist til som sak i dagens møte. Kan ikkje sjå at denne saka er ført opp i dag. Ordførar viste til at dette skulle orienterast om under orienteringar.

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

## 028/2021: Orienteringssaker

### Behandling:

#### **Rettsforhandlingar - utfall**

Ordførar orienterte om at at Modalen kommune, saman med LVK og andre kommunar, vann saka i tingretten som omhandlar krav om tilbakebetaling av eigedomsskatt til BKK.

#### **TV-aksjonen på NRK 2021**

Ordførar orienterte kommunestyret om TV-aksjonen på NRK som i år går til PLAN International og som har fokus på kampen mot barneekteskap. Føreslo at Modalen kommune støttar saka med kr. 25 000,-. Kommunestyret samd i dette.

#### **Synfaring langs fylkesveg/Modalselva**

Ordførar orienterte om Modalen kommune som saman med BKK, NVE og Vestland fylke hadde synfaring langs vegen mellom Mo - Øvre Helland med fokus på flaumutfordringar som Modalselva kan føre til. Rapport frå NVE i etterkant v synfaringa tilseier at ein bør gjere ei heilskapleg vurdering av situasjonen slik at einskildsaker vert sett i ein samanheng. Ansvar for vidare steg ligg difor hjå Modalen kommune.

Sigrun Almelid spurde om ein hadde vurdert vegen frå fylkesveg og bort til barnehagen. Ordførar svarta at det vart ikkje gjort i denne samanhengen.

Kristin Nåndal peika på at ein bør vurdere om Modalen kommune skal ta på seg dette ansvaret m.o.t. mellom anna kompetanse og kostnader. Ordførar viste til at dette kjem ein tilbake til i møter til hausten. Rådmannen viste til at representant for Vestland fylke såg føre seg at dei ville søkje å gripe fatt i to forhold langs vegen, og som dei ville følge opp.

Sigrunn Birkeland etterspurde kva som evt skal gjelde for utløpet av Modalselva (vise til Modalen kommune si årsmelding). Rådmannen viste til at teknisk etat v/ landbruk har arbeidd med denne saka over tid. Dette arbeidet har vore litt på vent, men det må sjåast i samband med at dette også må inn i økonomiplanarbeidet framover. Dersom dette arbeidet skal gjerast vert det kostbart og det må godkjennast av Statsforvaltaren.

### **Høyring Regional transportplan**

Regional transportplan er lagt ut på høyring, frist 12. sept. Ordførar viste til at Modalen kommune skriv sin eigen høyringsuttale, samt at det også vert deltakar i regional uttale via Regionrådet.

### **Generalforsamling**

Ordførar orienterte om generalforsamling i Modalen og Eksingedalen billag. Det vart på førre generalforsamling bestilt ein rapport hjå styret i selskapet om status og framtidsutsikter. Denne vart presentert for generalforsamlinga av styreleiar Øyvind Olsnes. Nye styremedlemmar vart vald: Kjetil Eikefet og Kristin Nåndal.

### **Modalen Næringsbygg AS**

Orienterte om Modalen Næringsbygg AS (MNB). Anne-Britt Almelid (styremedlem i MNB) og Kristin Nåndal (sambuar med styreleiar i MNB) var ugilde.

Ordførar fortalte kort om historia til selskapet, og eigarforholda kor Modalen kommune (ca. 93 %) og BKK (ca. 7 %) har eigarskap. Ordførar viste til spørsmål til selskapet og svar som vart gjeve av styret. Styreleiar har peika på at det må vurderast å ruste opp leiarressursen/konsulent til å ivareta eit høgare ambisjonsnivå. Målsetjing om høgare ambisjonsnivå er knytt til ei meir aktiv rolle for selskapet som ikkje let seg gjennomføre med dei ressursar selskapet i dag rår over. Korleis nå mål? Høgare ambisjonsniva knytt til aktivitet, portefølje m.m. - samla så peikar styret på at det ikkje er tilgjengeleg ressursar til å ivareta ambisjonsnivået.

Liv-Anne Aanesen peikar på at mange av oppgåvene/ansvaret for ambisjonane tradisjonelt har lagt hjå rådmannen og den kommunale drifta. Håvard Engeseth peika på at det er ein del avgrensingar vedr. ressursar, og at det er parallell verksemd med det som Modalen kommune også driv med, jfr. etablering av nytt nærings- og tenestesenter på Mo.

Ove Eidsnes peika på at bygningsmassen er avgrensa, og at dette utfordrar på berekraft. Stettar idèen om at ein bør tilsetje 100 % ressurs, men å sjå dette i samheng med bygningsmasse.

Ordførar viste til at ein bør gjere grundige vurderingar, og føreslår å bestille ein analyse av selskapet kor ein ser på driftsform, føresetnadar og vidare drift.

Rådmannen viste til at Modalen kommune i dag nyttar ein del ressursar inn mot næringsutviklinga i Modalen gjennom ass. rådmann. Teknisk etat har ansvar inn mot bygningsmasse/-utleige. Det er eit behov for å rydde litt i kven som skal gjere kva framover, og støttar at ein bør sjå nærare på saka.

Ordførar ynskjer at han, representant for administrasjonen, styreleiar og evt. innleigd kompetanse skal gjere ei arbeid som problematiserer utfordringane som styreleiar har fremja. Ordførar fremja forslag til vedtak som vart teke opp til votering.

### **Revisjonsuttale**

Sigrunn A Birkeland informerte om uttale frå revisjon vedr. merknad til årsrekneskapan frå kontrollutvalet. Rådmannen viser til at dette vert orientert om under årsrekneskap, sak 032.

## **Orienteringar frå rådmannen**

Status investeringmidlar skulen, oppfølging frå førre kommunestyremøte: dette vert vidare orientert om under tertialrapportering

Status ungjobb, oppfølging av førre kommunestyremøte: 30 søkjarar kor alle har fått tilbod om jobb. Utlysinga vart gjort etter gamle retningslinjer. Innspela frå kommunestyret i handsaminga av ny retningslin har i hovudtrekk blitt fulgt opp. Noko krevjande å finne jobb til alle, særleg dei yngste.

Steinsprang v/ Bryggjeslottet: Geologane kjem i løpet av kort tid og gjer sine vurderingar. Foreløpig ser ein på bilete at det er lause massar å begge sider av rasstaden. Desse massane må ned. Bolting og nett kan bli aktuelt, evt endringar på rasvullen. Vurdere om det er råd å opne delar av bygget. Takstmann vil komme inn og vurdere skadeomfanget. Roger Fure ber om at ein undersøker forholda vedr. el-billading. Kristin Nåmdal ber om at kommunen er tydeleg på informasjon til innbyggjarar og besøkjande om ras/konsekvensar, samt løysingar knytt til bibliotek og øvrige funksjonar i Bryggjeslottet.

Informerte om utlysingar om kommuneoverlege/lege, ass. leiar pleie og omsorg og sjukepleirarar. Desse er no aktive å kunne søkje på.

Vaksineringsplan for sommaren er lagt.

Stenging av E39 v/ Urdalstunnellen i veke 25. Dialog vedr. akuttberedskap. Tilsette sin tilgong at arbeidsplassen sin i Modalen er planlagt for. Dialog med Alver kommune om mogleg båtrote mellom Vikanes og Romarheim. Informasjon kjem ut på nettsida og facebook innan kort tid.

Befaring Steinavatnet, dagsturhytte. Det står att litt arbeid knytt til avtale med grunneigarar før ein kan gå vidare.

## **Framlegg til vedtak**

Ordførar fremja forslaget knytt til Modalen Næringsbygg AS.

Samrøystes vedteke av dei røysteføre. Kristin Nåmdal og Anne-Britt Almelid var ugilde og deltok ikkje i røystinga.

## **Vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering med dette tillegget.

Kommunestyret ber administrasjonen, i samarbeid med ordførar, innhente kompetanse til ein gjennomgang av Modalen Næringsbygg og marknaden selskapet skal operere i, samt kartleggje potensiale, med mål om å finne rett driftsform for selskapet. Arbeidet skal være gjennomført innan 31.12.2021 og vert finansiert av midlar frå Næringsfondet. Kommunestyret skal haldast orientert undervegs.

---

029/2021: Møteplan hausten 2021

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
**Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for hausten 2021 slik den ligg føre**

---

030/2021: Søknad om tilskot frå næringsfondet til prosjekt Ope landskap - beiting med geit

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Modalen kommune løyver kr 30 000,- frå næringsfondet til prosjekt Ope landskap

---

031/2021: Tomtepris - nytt kommunalt bustadfelt på Helland Gnr 78. Bnr 45.

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Kommunestyret vedtek ein tomtepris på kr 100 000,- pr tomt i nytt kommunalt bustadfelt på Helland

---

032/2021: Rekneskap og årsmelding 2020

Behandling:  
Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om sentrale punkt ved årsrekneskapen.  
Revisjonssjef Janne Eraker opplyste om at det i tråd med kommunalova skal kommenterast evt. avvik

frå premissar gjeve i vedtak. Dette er eit nytt krav i lova og ingen av kommunane i revisjonsdistriktet hadde omtala dette i årets rekneskap. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

**Modalen kommune si årsmelding og årsrekneskap for 2020 vert godkjent slik dei ligg føre.**

---

033/2021: Økonomirapport for 1. tertial 2021

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om økonomirapport for 1. tertial 2021.

Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte om status investering / plan for uteområdet på skulen, jfr. presentasjon framvist i møtet. Ba om innspel frå kommunestyret til steg vidare til korleis gripe oppgåva fatt i etterkant av løyvde investeringsmidlar.

Rådmannen informerte om at dei 500 000,- kronene som er avsatt kan nyttast til reine innkjøp av leikeapparat. Eit anna alternativ er å nytte midlane til eit skisseprosjekt kor ein planlegg stegvis utvikling over tid. Det siste alternativet vil bli ei meir kostbar løysing. Kristin Nåmdal spurde om det er råd å nytte delar av summen til planlegging, kva vil det evt. koste med eit skisseprosjekt. Ole Kristian Øvre Helland spurde om det var råd å nytte intern ressursar i planlegginga? Tone S. Skuggevik viste til at det ikkje var ressursar til planlegging, og at ein er avhengig av å hente inn ekstern kompetanse. Anne-Britt Almelid oppmoda om at skulen/elevane må få ei ny henvending om å komme med innspel til ynskjer/behov. Marit Kristin N Nese peika på at det er utfordrande å velge om ein vil nytte heile summen på 500 000,- til eit klatrestativ, evt om det kan lagast ein plan med med oppbygging over tid. Ynskjer eit møte kor elevane kan få vere med å drøfte. Liv Anne Aanesen meinte at det bør setjast rammer for omfang/tid/kostnader. Håvard Engeseth peika på at det må koma i gong med noko konkret innan kort tid. Heilskapen kan komme litt etterkvart. Kristin Nåmdal stetta forslaget om å komme igong med møte med skulen.

Steinar Barmen frå Forum Arkitekter (prosjektleder) orienterte om endringsmeldingar vedr. bygging av nytt nærings- og tenestesenter. Endring = uforutsette hendingar/oppgåver. Desse endringane skal meldast som endringsmelding. Det vart beslutta ein buffer på 5 % (ca. 2 mill). Status er at ca 1,8 mill er nytta. Større endringar undervegs har vore: utviding av bygget som følge av at UniMicro og Mobile Worker skulle inn som leigetakarar (tilpassingar), gjennomgong av grunnforhold på Mo (leidningar/rør, setningsutfordringar), utarbeiding av skred- og flaumrapport. Øvrige endringar er av mindre art.

Rådmannen viste til at dette gjer at det er behov for å auke sum avsatt til buffer. Håvard Engeseth spurde om det har blitt ei prisøkning på prosjektet totalt sett. Barmen viste til at det har vore ein sær stor prisauke på material. Dette skal drøftast med entreprenøren i byggemøte.

Oppdatert framdriftsplan for nærings- og tenestesenteret. Ferdig levert frå entreprenør 1. november. Deretter innreiing, utsmykking m.m. og innflytting til jul. Sigrunn Birkeland spurde om det ikkje føreligg ein budsjettsprikk ved at ein tek slukkevatnprosjekt ut av prosjekt til nytt nytt bygg.

Rådmannen viste til at det kjem eigen sak for slukkevatn som gjeld slukkevatn isolert seinare i møtet, og at det som allereie var avsatt i husprosjekt til slukkevatn vert ståande til å auke buffer i husprosjekt.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Økonomirapporteringa for 1. tertial 2021 vert teken til orientering.**

**Budsjettjusteringar i driftsbudsjettet:**

**Justeringar vert vedtekne i tråd med tabellen under:**

(Tal i heile tusen)			
<b>Budsjettområda:</b>	<b>Endring:</b>	<b>Oppr budsj</b>	<b>Justert budsj</b>
Rådmannen/sentraladm	-600	14 675	14 075
Kultur	-500	2 485	1 985
Barnehage	160	5 051	5 211
Ploms	2 800	16 713	19 513
<b>Sentrale postar:</b>			
Skatt/rammetilskot	-300	50 740	50 440
Eigedomsskatt	-170	22 400	22 230
Småinvesteringar	-200	900	700
Avs til disp.fond	-1 190	3 020	1 830
<b>Netto endringar:</b>	<b>0</b>		

**Budsjettjustering i investeringsbudsjettet:**

Midlane til VA-prosjekt/slokkevatn i Mo sentrum på 1,7 mill kr vert omdisponert til buffer i

byggeprosjektet.

---

## 034/2021: Slukkevatn i Mo sentrum

### Behandling:

Teknisk sjef Tone S. Skuggevik orienterte.

Bakgrunn var tilsyn på Mobryggja ei tid tilbake kor manglande kapasitet på slukkevatn vart avdekket. Det utløyste behov for å kartleggje det samla behovet på Mo ang slukkevatnkapasitet, også i samband med nytt nærings- og tenestesenter. Sweco vart aktør som skulle vere med å vurdere løysing. Nytt bygg ved sida av kommunehus som skulle romme slukkevatntank, nødaggregat og bosspann vart valgt pga av rimlegaste pris og stabilitet ved evt fråfall av elektrisitet ved brann.

Innspel frå Ole K Øvre Helland om å nytte slukkevatn frå elva. Steinar Barmen (Forum Arkitekter) har drøfta dette med Sweco. Sweco har vurdert forslaget, men melder tilbake at dette ikkje er ei god løysing. Tone S. Skuggevik viste til at ein må sjå evt. nye løysingar i samband med pågåande arbeid med ny VA-plan. Håvard Engeseth spurde om det var råd å plassere slukkevatn-bygget vekk frå Mo sentrum. Skuggevik viste til at det ville påløpt ytterlegare kostnader. Sigrunn Birkeland spurde om naudaggregat var planlagt i utgongspunktet. Rådmannen viste til at det vart det, plassert i bosshus. Sigrunn Birkeland spurde om kor mange parkeringsplassar som må vike for slukkevatnhaus. Skuggevik viste til at det vil bli lagt til rette for ca. 40 parkeringsplassar.

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Kommunestyret vedtek å byggje eit nytt pumpehus. Budsjettkostnad på 4 248 447,- eks.mva. Finansiering ved bruk av lånemidlar kr 4 248 000. Byggjefasen vil ha oppstart i august 2021 og ferdigstillast hausten 2021.

-----

## 035/2021: Låneopptak 2021 - justering

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Låneopptak til finansiering av investeringar i 2021 vert fastsett til kr 32 788 000. Lånet er heimla i kommunelova §14-15, fyrste ledd (finansiering av investeringar i varige driftsmidlar som skal eigast av kommunen sjølv). Låneopptaket gjeld nytt nærings- og tenestesenter og andre kommunale investeringar. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

-----